

Barnehagen fekk 20 kilo fisk

20.09.2011



**Det er naturleg at ein gardsbarnehage legg vekt på å få fram kvar maten eigentleg kjem ifrå og eit fiskeprosjekt som no er igang for 4-åringane ved Dønhaug Gardsbarnehage er viktig i så måte.**

I dag har det vore ein stor dag i prosjektet. Dei sette garn på Stølavikjo og fekk nesten 20 kilo fisk! Så mykje har dei aldri fått før . det er rekord!

Resultatet var, for å gå meir i detalj, 11 lyrer, 1 makrell og 1 berggylt og no blir det fiskesuppe til middag i barnehagen - kanskje i fleire dagar?

I førre veka var gruppa på besøk hos Hjørnevåg og dei vil halda fram med fisk som tema til uti neste veke.

På biletet over er fiskarane Helene, Sara, Linnea, Elena, Sondre og Amund igang med å ta fangsten ut av garna.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen